



Leiinga for Festidalen har funne ein utveg etterat kommunen nekta bruk av den eine Helgheimveggen (mot brua) til opphenging av eit banner. Banneret ville representera fåre for trafikken, meinte kommunen.

Men i staden har det no kome opp eit kunstverk laga av den faste Festidalen-kunstnar og dalens eigen Gaute Haugland. Det er av to insekt som foretar seg eit eller anna og det vil sikkert utløysa kommentarar. Kunstnaren har ikkje døypt det, men kanskje **FLUGENE PÅ VEGGEN er ein passende tittel?**

Kommunen sa også nei til opphenging av eit banner på ein låvevegg på Rød, men her vil det ikkje bli montert noko i staden.

Det er ellers opphengt banner på eit sentralt jorde og i ljos-stolpar gjennom sentrum og etter den siste monteringa bør ingen vera i tvil om at det skal avviklast ein rockefestival her neste helg.

Over er monteringa av kunstverket på Helgheim i full gang i føremiddag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen